



## Notat

Dato: 03.02.2015  
Arkivsak: 2014/16773-13  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Hovudarbeidsmiljøutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Status i planarbeidet for IA i HFK 2014-2018

Fylkesrådmannen underteikna ny samarbeidsavtale om Inkluderande Arbeidsliv med NAV Arbeidslivssenter i Hordaland, den 19. juni 2014. Ei av pliktene i denne avtalen er at arbeidsgivar på grunnlag av dei tre delmåla i IA-avtalen skal fastsetje eigne mål for IA-arbeidet. HAMU godkjende dokumentet «Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018» 24. oktober 2014, jf. HAMU-sak 33/14 (sjå vedlegg).

Eit viktig grep for å lukkast med IA-arbeidet i ein så stor organisasjon som HFK er å sørge for planlegging og gjennomføring av tiltak nedover og utover i alle einingar i organisasjonen. For å sikre dette fekk kvar av dei sju fylkesdirektørane ansvar for å utvikla tilpassa mål og tiltak i si avdeling, jf. aktivitet nr. 3 i handlingsplanen for IA, side 5 i ovannemnde dokument. Dei skulle òg fastsette resultatmål (%) for nærvær i si avdeling (aktivitet nr. 7).

Fem av fylkesdirektørane har pr. 03.02.15 sendt inn planar for IA-arbeidet i si avdeling. To av direktørane har sendt melding om prosess og framdrift for utvikling av planar. Status for dette planarbeidet vert kort referert nedanfor. I tillegg følgjer dei einskilde planane/meldingane som vedlegg til dette notatet.

#### Økonomiavdelinga:

To planar er nedfelt, ein for Økonomiavdelinga utanom Eigedomsseksjonen, og ein for Eigedomsseksjonen. Resultatmål for nærvær er på respektive 95 og 96 prosent.

I tillegg har Økonomiavdelinga lagt IA-tiltaka inn i malen for HMT-handlingsplan, utan at ein i denne versjonen har fått til ein integrasjon med andre HMT-tiltak. Denne HMT-planen vert ikkje vedlagt her.

#### Regionalavdelinga:

Tilpassa mål og tiltak er nedfelt i plandokumentet. Resultatmål nærvær: 96 prosent.

#### Kultur- og idrettsavdelinga:

Plandokument inneheld bakgrunnsinformasjon om IA-avtalen, og statistikk for sjukefråvær og alders- og kjønnsfordeling for dei tilsette i avdelinga. Resultatmål for nærvær er sett til minimum 95 prosent. I tillegg har avdelinga integrert IA-mål og -tiltak i handlingsplan for HMT 2014-2015. Denne integrerte planen vert vedlagt her.

Samferdselsavdelinga:

Tilpassa mål og tiltak er nedfelt i plandokumentet. Resultatmål for nærvær: 95 prosent.

Organisasjonsavdelinga:

Tilpassa mål og tiltak er nedfelt i plandokumentet. Resultatmål for nærvær: 95 prosent.

Tannhelseavdelinga:

Framdriftsplan: Avdelinga vil bygge på sin IA-plan frå 2011, «Nærvær, livsfasepolitikk og tilrettelegging i tannhelsetenesta». Det er nedsett ei partssamansett arbeidsgruppe som vil levere framlegg til revidert plan i løpet av første halvår 2015.

Opplæringsavdelinga:

Framdriftsplan: Ein vil i løpet av våren 2015 sette ned ei arbeidsgruppe som vil utarbeide overordna IA-handlingsplan for opplæringssektoren i HFK. Fylkesdirektøren har samstundes sett resultatmål for nærvær i opplæringssektoren i 2015 til 95 prosent.

Vedlegg:

- Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018
- Seks plandokument (Økonomiavd., Egedomsseksj., Regionalavd., Kultur- og idrettsavd., Samferdselsavd., Organisasjonsavd.)
- To framdriftsmeldingar (Tannhelseavd., Opplæringsavd.)